

**KONTROLLUTVALET I
SULA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 26.02.2019, kl.14.00
Møtestad: Sula rådhus, møterom 1

Møtet vart leia av Olav Bjarne Skodje.

Elles til stades:
Gunvor Reistad Aannø, Aslak Digernes, Svein Værnes og Inger Øien.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og juridisk rådgjevar Kjetil Kvammen.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Knut Gunnar Alnes og revisor Kathrin Haram.

Frå Sula kommune møtte rådmann Leon Aurdal, økonomisjef Britt Blindheim, Per-Arne Christensen, Jens Petter Larsen, Fritz Østrem og Jørn Agersborg. Kommunalsjef Kjetil Fylling var til stades under sak 09/20.

Det var ingen merknader til innkallinga. Sakslista blei godkjent og kontrollutvalet valde å handsame sak 09/20 etter sak 03/20.

Sak 03/20 Meldingar

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. februar 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Sak 04/20 Godkjenning av møtebok frå møte 09.01.2020.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. februar 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møte 9. januar 2020.

Sak 05/20 Praktisering av regelverk for offentlege anskaffingar i Sula kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. februar 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Innstilling til Sula kommunestyre:

- 1.1. Kommunestyret syner til at anskaffingar i kommunen ofte gjeld store beløp med risiko for kommunalt ansvar dersom det blir gjort feil.
- 1.2. Med bakgrunn i saker som det den seinare tida har vore fokus på føreset kommunestyret at administrasjonen legg til rette for at anskaffingsreglane for framtida blir fylgde.
- 1.3. Kommunestyret bed om at det administrative tilsynet med kommunen sine innkjøp vert innarbeidd i ei årleg internkontrollrapportering etter kommunelova § 25-2.

Sak 06/20 Bestilling av overordna analyse og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. februar 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Sula bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafør ei ramme på inntil 100 timar.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem fram i saksframlegget.

Sak 07/20 Årsrapport 2019 skatteoppkrevjaren i Sula kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. februar 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsrapporten til vitande.

Sak 08/20 Årsmelding 2019 Sula kontrollutval.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. februar 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval godkjenner årsmeldinga og sender den over til kommunestyret som melding.

Sak 09/20 Orientering om rutinar innan heimebasert omsorg v/rådmann.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 18. februar 2020

Saka var lagt fram frå sekretariatet utan tilråding til vedtak.

Kommunalsjef Kjetil Fylling ga kontrollutvalet ei innføring i rutinar knytt til ressursløve i helger og høgtider. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval takkar for orienteringa og tek den til vitande.

Eventuelt:

Svein Værnes tok opp spørsmålet om prioritering og igangsetting av vedtekne reguleringsplanar i kommunen. Kontrollutvalet ønskjer å invitere rådmann Leon Aurdal tilbake på deira møte 1. april for å seie litt om arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Kontrollutvalet bad også sekretariatet om ei sak til deira neste måte som omhandlar fordeling av komitear for utvalet sine medlemmar. Høve til møterett og rolleavklaring skal vektleggast i saka.

Kontrollutvalet ønskjer også at rådmann på neste møte seier litt om det er mogleg å skaffe ei liste eller oversikt over saker som er handsama i kommunestyret, og status på iverksetjing av desse.

Kontrollutvalet bestemte å melde seg på kurset i Molde 17. mars 2020 jfr. melding nr. 3

Møtet var slutt kl. 15.45

Olav Bjarne Skodje Gunvor Reistad Aannø Aslak Digernes Svein Værnes Inger Øien

Leiar Nestleiar Medlem Medlem Medlem

(sign.) (sign.) (sign.) (sign.) (sign.)